

Arkivsak-dok. 16/00431-2
Saksbehandlar Viel Ribberud

Saksgang
Vilt- og innlandsfiskeremnda

SØKNAD OM UTVIDING AV BANDTVANGSTIDA FOR HUND I HEMSEDAL - HEMSEDAL SAU OG GEIT/HEMSEDAL SANKELAG

Saka vert avgjort av:

Hemsedal kommunestyre - etter innstilling frå Vilt og Innlandsfiskeremnda

Vedlegg:

Som dokument i saka.

Dokument i saka:

- Søknad frå Hemsedal Sau og Geit / Hemsedal sankelag datert 18.02.2016
- Søknad frå Hemsedal Utmarksservice datert 15.03 Ynskje om revidering av forskrift om bandtvang i preparerte skiløyper
- Lokal forskrift om hundehald for Hemsedal kommune vedteke 2007

Saksopplysningar:

Hemsedal kommune mottok 19. februar 2016 brev frå Hemsedal Sau og Geit og Hemsedal Sankelag med ynskje om endring av lokal forskrift med utviding av bandtvangen om hausten frå 1. oktober til 1. november. Bakgrunnen for førespurnaden er at dei siste åra har vore fleire saker der sau har vorte uroa, skada og drept av hund på innmarksbeite etter at dei er sankt heim om hausten. Mykje sau i Hemsedal går på innmarksbeite store delar av oktober, og nokre få som enno ikkje er funne og tatt heim går att i utmarka. Det er særleg i haustferien, men også elles utover hausten at laushund er eit problem jamfør søknaden. På bakgrunn av dette vart det vedteke på årsmøte i Hemsedal Sau og Geit / Hemsedal Sankelag å søkje om utviding av bandtvangstida til 1. november. Kopi av brevet ligg vedlagt saka.

Hemsedal kommune har også 15.03.2016 fått brev frå Hemsedal Utmarksservice der dei ber om revidering av lokal forskrift i høve bandtvang i skiløypene i kommunen.

Hemsedal Utmarksservice ynskjer ny tekst i §3 i forskrifta: *Det er bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper i heile skisesongen. Det er bandtvang i skianlegget på Gravset og Totteskogen. Dersom nokon har med seg hund i maskinpreparerte skiløyper, skal denne ikkje vera til hinder for andre brukarar.*

Hemsedal Utmarksservice begrunnar ynskje om endring med:

- Ål kommune har endra si forskrift likelydande Utmarksservice sitt framlegg i 2015. slik det er no har Hemsedal kommune ikkje bandtvang i løypene i Holdeskaret

(høgfjellsløyper), medan Ål kommune har bandtvang i dei delane av løypenettet som ligg i Ål kommune. Dette er umulig å forhalde seg til.

- Trafikken i skiløypne har auka sidan gjeldande forskrift vart vedteke i 2007. Fleire skiløparar og ikkje minst fleire hundar. At nokon hundeeigarar ynskjer å ha hunden i band medan andre ynskjer å ha hunden laus skaper unødvendige konflikhtar hundeeigarar imellom.
- Auka trafikk i skiløypene gjer at det oppstår fleire konflikhtar der lause hundar er til sjenanse for ungar og andre som ikkje likar hundar
- Løypekøyrarane ser til stadigheit at lause hundar øydelegg nypreparerte spor, til irritasjon for andre skiløparar
- Utmarksservice meiner dagens reglar er for kompliserte. Kva er høgfjellsløyper, kvar går grensa mellom dalløyper og høgfjellsløyper utan bandtvang
- Ved innføring av same forskrift som Ål kommune har i dag, vil alle skiløparar ha klare reglar å forhalde seg til. Erfaringane frå Ål er gode, det er enkelt å informere og det rådar ein viss sjølvjustis.
- Bandtvang i vinterferie er vanskeleg å overhalde når vinterferien er spreidd over fleire veker etter kva fylke du bur i.
- Dagens forskrift er nærmast umulig å kontrollere og vanskeleg å føre oppsyn med, ny forskrift vil vera enklare.

Kopi av brevet frå Hemsedal Utmarksservice ligg som vedlegg til saka.

Hemsedal kommune har «Lokal forskrift om hundehald», kunngjort 02.08.2007. For å kunne imøtekoma søknaden til Hemsedal Sau og Geit / Hemsedal Sankelag og Hemsedal Utmarksservice må §§ 2 og 3 i forskrifta reviderast.

Lokal forskrift i dag: «**§2. Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite.**

I Hemsedal kommune er det i tillegg til ordinær bandtvang f.o.m. 1.april t.o.m. 20 august, utvida bandtvang av omsyn til beitande husdyr i tida f.o.m. 21. august t.o.m. 30. september.»

Lokal forskrift i dag: «**§3. Bandtvang i område av omsyn til menneske.**

Det er bandtvang i alle tråkkemaskinpreparerte skiløyper med unntak av høgfjellsløyper i tidsrommet f.o.m. 24 desember t.o.m. 1 januar, vinterferien og f.o.m. palmesundag t.o.m. 2 påskedag (juleferie, vinterferie og påskeferie). Dersom hund er med skal ikkje hunden vera til hinder for andre brukarar.

Det er bandtvang heile året i tettstader, område med bustad, område regulert til offentleg formål, på kyrkjegardar og tilrettelagte friluftsområde»

Lokal forskrift om hundehald i kommunen er heimla i Hundelova (LOV- 2003-07-04-74). I Hemsedal kommune sitt delegasjonsreglement er Hundelova delegert til Viltnemnda. Framgangsmåten i revideringa av forskrifta vert då at det fyrst vert laga ei sak til Hemsedal Vilt og Innlandsfiskenemnd i forhold til endring av «Lokal forskrift om hundehald». Nemnda legg saka ut på høyring til aktuelle høyringsinstansar og forskriftsendringa vert annonsert.

Det vert utifrå merknadar vurdert om det er behov for eit møte med aktuelle høyringsinstansar etter /i høyringsperioden. Høyringsinnspela vert så vurdert og eventuelt innarbeida i endeleg sak til nemnda vedkomande endring av forskrifta. Saka vert endeleg avgjort av Hemsedal kommunestyre.

Den lokale forskrifta som er gjeldande i dag vart vedteke i 2007. Då vart det grunna lovendring laga nye lokale forskrifter om hundehald i alle kommunane i Hallingdal. Når det gjeld §2 med ynskje om å utvide bandtvangtida på hausten så er den ulik i Hallingdal. Flå, Nes, Gol og Hemsedal har i dag bandtvang t.o.m. 30 september, medan Ål og Hol i sine lokale forskrifter har bandtvang til 1. november. Om bandtvangen vert utvida til 1. november vil dette bli likt med Hol og Ål.

Det kan også opplyst at Hemsedal kommune si forskrift om bandtvang som var gjeldande frå 1985 fram til 2007 med heimel i bufelova, hadde bandtvang frå 1. april til 25 oktober.

Forhold til overordna plan:

Ikkje relevant

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant

Vurdering:

Endring av §2 med utviding av bandtvangen frå 1. oktober til 1. november:

Bandtvang og reglane for bandtvang i Hemsedal har vorte sett fokus på dei siste åra, særleg på haustparten då det har vore fleire tilfelle av at laushund har gjort skade på sau. Eit av dei verste tilfella var hausten 2015 då laushund sprengte 6 sau på innmark, der 1 døde på staden og resten måtte avlivast dagane etter. Det har og vore bekymringsmeldingar til landbruksforvaltninga i kommunen om fleire tilfelle av at heimsanka sau etter klypping avslører bitemerke og hol i huda etter bitt. Det er i ein bestening oppgjeve bitemerker i 4 av 20 stk. i ein e-post til kommunen om problemstillinga, noko som i besetninga gir ein høg prosent, og like svært mange uholdbare episodar.

Hundehaldet i Norge er aukande, og det er stadig fleire som har hunden som kjæledyr og turpartnar. Frå SSB sin statistikk som omhandla «Tidsbruk utendørs» frå 2010 vert det oppgjeve at 19 % av husholdingane har hund. Det er også statistikk som seier at det er «større hundetetthet» på landsbygda enn i byen, så her i Hemsedal vil husholdingar med hund truleg vera godt over 19 %. Hemsedal er og ein stor hytte- og turist kommune, og det er eit stort tal av hytteeigarar og tilreisande som har hunden med seg til fjells. Korleis hunden reagerer på bufe kan koma som ei overrasking på hundeeigaren som til vanleg har hunden i heilt andre omgjevnadar.

I samband med at tal hendingar med bufe og hund har vore aukande dei siste åra er dette no teke tak i på fleire område. Næringa har laga plan for ny og oppdatering av skilting med opplysningar om bandtvang på mykje brukte stigar i kommunen, og 40 nye skilt med informasjon om bandtvang vert om alt går etter planen utplassert av næringa i 2016. Det er også nokre år sidan kommunen har hatt utmarksoppsyn. Dette er det sett fokus på, og ny tilsett ved Hemsedal Utmarkservice som skal ha full stilling i sumarmånadene har dette i

stillingsbeskrivinga si. For å få begrensa politimynde må utmarksoppsynet ha kurs, og det er planlagt at nyttilsett og dagleg leiar hjå Hemsedal Utmarksservice skal ta dette. Om utmarksoppsynet kjem på plass til barmarkssesongen i 2016 er avhengig av dette kurset og derfor enno uklart.

Kommunen har også nå ein av dei siste dagane fått henvending frå personar som ynskjer ein «hundepark» i kommunen. Dette er eit areal der hundeeigaren har lov til å ha hunden laus. Dette vert det truleg jobba vidare med av initiativtakar og kommunen.

Under vedtak av forskrifta i 2007 var det også ynskje om å ha bandtvang f.om. 01.04 t.o.m. 31.10. Norges jeger- og fiskeforbund påpeika at det å halde sau så høt til fjells så seint strider mot lovverket i forhold til dyrevern. At enkeltsau er igjen i fjellet kvalifiserte ikkje til å innføre bandtvang. Det vart m.a. derfor vedteke 30.09. som sluttdato for bandtvangen i 2007.

Kommunen meiner det vil vera rett å utvide bandtvangen i tråd med Sau og Geitealslaget sitt innspel. Hemsedal er ein turistkommune, og vi brukar aktivt Hemsedal sin flotte natur og utmark i marknadsføringa av kommunen. Vi ynskjer utvikling og auke i turismen og at gjestene våre skal vere aktive og bruke naturen. Vi legg til rette med stigar og tiltak som til dømes «Topp 20» noko som leidar svært mange ut i marka, mange også med hund. Det er viktig at ein ved å utvide bandtvangen til 31. okt. tek omsyn til dei som brukar den same naturen og ressursane til husdyrhald og matproduksjon, og at bufe kan ferdast trygt i forhold til vår bruk av naturen og vårt hundehald og ikkje vert skadelidande. Det har vore fleire uheldige episodar på inngjerda beitemark, delvis nede og nede i bygda. Dette er sau som er sankt ned frå fjellet. Desse episodane syner at det er viktig med bandtvang til størstedelen av småfeet er kome i hus, noko som vil vera tilfelle 31.oktober.

Endring av §3 bandtvang i preparerte skiløyper i kommunen:

Viser til søknaden og informasjonen frå Hemsedal Utmarksservice som er oppsummert under saksopplysningar.

Slik det er i dag har det ikkje vore bandtvang i høgfjellsløypene i Hemsedal. Dette er løyper ved Harahorn/Vavatn, Holdeskaret/Beihovdløypa, Hundsemvatnet/Lægeret og Bulien/Storeskar. Det har vidare vore bandtvang i Gravsetområdet i 2, 3, 5 og 8 km rundane heile vintersesongen, og resten av løypenettet i kommunen har hatt bandtvang i jul, påske og vinterferiar.

Hemsedal Utmarksservice ynskjer endring til at det skal vera bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper heile skisesongen. Dei meiner dette vil vera mykje enklare å forhalde seg til for alle brukarar av anlegga.

Det er mange døme på at dagens forskrift er for lite presis, og slik vert vanskeleg å handheve. Til dømes då den viser til høgfjellsløyper, noko som for mange kan vera vanskeleg å definere. Det kan for mange vera usikkerheit om t.d. 3 mila er ei høgfjellsløype. Høgfjellsløypene i Holdeskaret som har bandtvang i den eine kommunen og ikkje den andre blir også vanskeleg – kvar går kommunegrensene i terrenget, og det synest merkeleg med ulike reglar i same område.

Bandtvang i vinterferie er komplisert då vinterferieveka varierer etter kvar du bur i landet. Det er vanskeleg å ha oversikt over når andre regionar har vinterferie, og det blir vanskeleg å forhalde seg til for tilreisande og lokale skiløparar.

Tilreisande til Hemsedal aukar, og ein ser også at det å bruke langrennsløypene vert stadig meir populært. Utviklinga med produksjon av kunstsne, og Gravsetstugu er også med og utvidar skisesongen og gjer dette området meir nytta. Hemsedal Utmarksservice har ansvaret for løypekøyringa i kommunen og påpeikar problema med å handheve ei forskrift som er upresis, samt at lause hundar ikkje er ynskjelege i skiløypene med bakgrunn i auka trafikk, ungar og også problem hundeeigarar imellom.

Bandtvang i alle skiløyper er ei innskrenking i høve til gjeldande forskrift. Dagens forskrift har skilt på løypene si plassering og kva tid det erfaringsvis er flest folk i sporet. Hemsedal Utmarksservice sitt forslag til endring vil vera vanskeleg å misforstå og slik enkelt å kommunisere. Dette vil gjera det enklare å handheve forskrifta. Hunden har framleis lov til å vera med ut i løypene, under føresetnad av at eigaren har hunden i band og har kontroll over den.

Under vedtak av forskrifta i 2007 var det også ynskje om å innføre bandtvang i alle skiløyper. Det kom det inn merknadar frå Fylkesmannen v/Miljøvernavdelinga, Norges Jeger- og fiskeforbund og Norsk kennelklubb. Dei stilte spørsmål ved innføring av bandtvang i alle skiløyper i forhold til å ivareta interessene til folk med hund. Resultatet vart at forskrifta vart lempa på med differensiering på løyper og tid, sjå vedlagt forskrift.

Konklusjon:

Forslag om hundehald, Hemsedal kommune, Buskerud vert lagt ut på høyring med endring av §§2 og 3 i tråd med forslaga frå Hemsedal Sau og Geit/Hemsedal Sankelag og Hemsedal utmarksservice. Forskriftsendringa kjem tilbake til Vilt og innlandsfiskeremnda etter at høringsprosessen er over. Nemnda kjem med endeleg forslag til endring av forskrifta som tilråding til kommunestyre som gjer endeleg vedtak i saka.

Rådmannen si innstilling:

Hemsedal kommune legg FOR-2007-06-28-923, Lokal forskrift om Hundehald med endring av §§2 og 3 som forslag frå Hemsedal Sau og Geit/Hemsedal sankelag og Hemsedal Utmarksservice ut på høyring med høyringsfrist på 6 veker.

Forskriftsendringa vert så teke opp til ny behandling før endeleg vedtak i Hemsedal kommunestyre.